

Til medlemmene i Bygland og Årdal sokneråd

MØTEREFERAT SOKNERÅDSMØTE ONSDAG 17.02.2021

Til stades: Sigrid Greibrokk, Kari Aud Bakke Svenningsen, Ånund Eldhuset, Marit Taksdal, Guro Kvaale Skibsrud, Olav Nilsen og Kjell Steinbru.
Forfall: Arve Rauk, Stian Øina Vestøl og Olav Neset.

Møtet vart halde onsdag 17.02.2021 kl.19.00 på Vonheim bedehus

Sokneprest Kjell Steinbru åpna møtet med Guds ord og bøn. (Johannes 12.20-25)

Referatet frå forrige soknerådsmøtet vart samrøystes godkjent.

Sak 1/21 Rekneskap Bygland kyrkjelege fellesråd 2020

SAMRØYSTES VEDTAK:

Rekneskapen for Bygland kyrkjelege fellesråd som viser eit overskot på kr.164.072,- vert å fastsetje som Bygland kyrkjelege fellesråd sitt rekneskap for 2020.

Overskotet på kr.164.072,- vert sett av til disposisjonsfondet.

Sak 2/21 Rekneskap Bygland og Årdal sokn 2020

SAMRØYSTES VEDTAK:

Rekneskapen for Bygland og Årdal sokn for 2020 som viser eit overskot på kr.596,- vert å fastsetje som Bygland og Årdal sokn sitt rekneskap for 2020.

Overskotet på kr.596,- vert sett av til disposisjonsfondet.

Sak 3/21 Årsmelding Bygland kyrkjelege fellesråd 2020.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsmeldinga 2020 for Bygland kyrkjelege fellesråd vert teken til orientering.

Sak 4/21 Årsmelding Bygland og Årdal sokn 2020

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsmeldinga 2020 for Bygland og Årdal sokn vert teken til orientering.

Sak 5/21 Orienteringssaker

Status Sandnes kyrkje Åraksbø – tilskot frå riksantikvaren til nytt elektrisk anlegg.

Årsrapport frå prostidiakonen i Øvre Otredal 2020

Møteplan 2.halvår 2021.

Arbeidsmiljøundersøking for personar med LHBT+identitet i Den norske Kyrkja.

Sakene vart tekne til orientering.

Kyrkjevevja skal ha befarung i Sandnes kyrkje med riksantikvaren torsdag 11.3, saman med Evje Elektriske og Knut Gakkestad. Dette i samband med føresetningane for tilskot til nytt elektrisk anlegg.

Nye soknerådsmøte vart sett til 25.5 og 25.8.

I tillegg tok ein opp følgjande saker:

Årsfesten for Bygland og Årdals sokn, som var planlagt 7.mars i Bygland kyrkje, vert utsett til sundag 6.juni i Sandnes kyrkje. Ein tek detaljane rundt dette på soknerådsmøtet 25.5.

Me satsar på utegudsteneste ved Bygland kyrkje 7.mars.

Soknepresten inviterer konfirmantane på dette, og kyrkjevevja høyrer med kyrkjetenar Svein Kleivane om det praktiske. Guro Kvaale Skibsrud vil og gjerne bidra med praktisk hjelp. Me høyrer og med Harry Andersen som tok ansvaret for suksessen med utegudsteneste ved Bygland kyrkje på jolaftan.

Kyrkjevevja sjekker ut lydanlegget i Sandnes kyrkje, som tykkjest å vera på same frekvens som mobilnettet.

Heimesida til Bygland og Årdal sokn er no blitt oppdatert av organist Knut Olav Uppstad, sjå <https://bygland.kyrkje.no/>

Guro Kvaale Skibsrud foreslo å spørja Kim Andre Rysstad om jolekonsert i Bygland kyrkje. Kyrkjevevja følger opp dette.

Kari Aud Bakke Svenningsen etterlyste status i saka om Minnelund. Kyrkjevevja har her vore i kontakt med Evje, og vil no be kyrkjevevje Sjur Høgetveit om å skriva litt om erfaringa med deira minnelund ved Evje Kyrkje.

Fasteaksjonen 2021

Sokneprest Kjell Steinbru orienterte litt om erfaringa med ”digital fasteaksjon” i 2020. I år satsar me på å få ut fastebøsser til alle husstandar, saman med utsending av Kyrkjebladets påskenummer. Frist for å ha dette klart er torsdag 18.mars. Soknepresten og kyrkjevevja samordner dette, saman med dei som køyrer ut Kyrkjebladet. Kyrkjevevja høyrer med desse om dei vil ha hjelp av konfirmantane med denne utsendinga.

På kyrkjas Facebookside er det høve til å ”like” og ”dele” informasjon om årets fasteaksjon, og ein oppfordrar alle soknerådsmedlemmer til å gjera dette kjent og på den måten.

Friluftsgudsteneste på Hovatn palmesundag 28.mars.

Kyrkjevevja sørger for snøscooterløyve.

Marit Taksdal og Aanund Eldhuset vil gjerne hjelpe til med praktiske oppgåver i samband med dette. Me satsar og på at organist Knut Olav Uppstad kan delta om ikkje Hans Jurgen Wiehe kjem seg opp frå Tyskland innan den tid.

Gudstenestelista for 2.halvår 2021, som følgjer vedlagt, var samrøystes vedtatt.

Bygland kyrkjekontor, 18.02.2021

Olav Nilsen
kyrkjevevje

DATO	DAG	Årdal	Bygland	Sandnes	Åseral	Merknad
4. juli	Apost					
11. juli	7 sit		11 KVS			
18. juli	8 sit			11 Austadnes	11 Vet Larsen	Veteran
25. juli	9 sit					Feire
29. juli	Olsok			18 Kapell		Feire
1. august	10 sit	11				Feire
8. august	11 sit					Feire
15. august	12 sit		11			Feire
22. august	13 sit				11 Friluft/Åknes	
28. august	Ving		Laurdag 12 Konf			Konf
29. august	Ving			11 Konf		Konf
29. august	Ving			13 Austad konf		Konf
4. september	15 sit	Laurdag 11 Konf				Konf
5. september	15 sit				11 Konf	Konf
12. september	16 sit					Feire
19. september	17 sit				11 4+6 årsbok	Feire
26. september	18 sit			11 Normisj		
3. oktober	19 sit		11		11 Bortelid PRH	Per Ragnar
10. oktober	20 sit					
17. oktober	21 sit		16 Konf pres		11 Konf pres	
24. oktober	22 sit					
31. oktober	BoB					Konf leir
6. november	AH				19.00 Stille stund	Laurdag
7. november	AH	16.00				Minne
14. november	25 sit				11	Lys Våken
21. november	KrKo					
28. november	1sia	19.30			17.00 Åknes	Ljosmesse
5. desember	2sia	Konsert	Konsert			
12. desember	3sia			18 Me syng	16 Me syng	
19. desember	4sia					
24. desember	Jolekveld	14.30	16.00		13.30	
25. desember	Joledag			16.00	12.00	
26. desember	Stef					
1. januar	Nyårs	11.00			16.00 Åknes	